



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/179 - 16/1300

Saksbehandlar:

Alf Magnar Strand

Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no

Dato:

10.03.2016

Bjørn West-museet som ein del av Museum Vest

Viser til brev herfrå datert 23/9 2015 og til svar frå dykk. Nokre av dykk har bede om å få ei tilbakemelding når prosessen var komen lenger.

Me kan no melda at Bjørn West-museet er blitt ein del av Museum Vest. Masfjorden kommunestyre gjorde i sak 110/2015 vedtak om å konsolidera Bjørn West-museet med Museum Vest.

Frå 1. januar 2016 overtok dermed Museum Vest drifta av Bjørn West-museet på Matre. Museet skal drivast som ei avdeling av Stiftinga Museum Vest, likestilt med dei andre avdelingane.

Sjølv om Bjørn West-museet no formelt er ein del av Museum Vest, må Masfjorden kommune framleis finansiera ein vesentleg del av drifta av museet.

I avtalen står det at Masfjorden kommune skal yta kr 400000 i årlege løyvingar til Museum Vest (pkt 4). Me har budsjettert med kr 300000 for 2016 og har ei von om at dei resterande 100000 kan dekkast av eigarkommunane i Stiftinga Bjørn West-museet og eventuelt Høyanger kommune. I den kommunale løyvinga kan me òg leggja inn eventuelt tilskot frå Stiftinga og Bjørn West-museets Venner m.fl. (pkt 4) Stiftinga Bjørn West-museet kjem til å halda fram arbeidet sitt, jfr. pkt 3 i Samarbeidsavtalen, og eigarkommunane i Stiftinga har framleis kvar sin representant i styret i Stiftinga.

Gulen kommune har alt gjort eit vedtak om å løyva kr 20000, og me ber no kvar av dei andre kommunane i stiftinga om å gjera liknande vedtak om årleg yting til drifta av Bjørn West-museet.

Kopi av kommunestyrevedtak og kopi av samarbeidsavtalen ligg vedlagt.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Alf Magnar Strand
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakrar:

Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Høyanger kommune	postboks 159	6991	HØYANGER
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Rådhusplassen	5282	LONEVÅG